



Sjuandeklassingane på Mjelkhaug 23. august (Foto: Svein A. Sunde)

**Uskedalen var, som vi har meldt før, best representert blant dei 99 som fullførte fjelltrimmen i Kvinnerad dette året.
Ved nærare granskning syner det seg faktisk at så mange som 30 er frå vår bygd, altså nærare ein tredjedel. Og femten av dei er elevar i sjuande klasse!**

Lærer Svein A. Sunde opplyser til uskedalen.no at av dei 16 turane på kortet gjennomførte klassen ni turar som fellesturar, nokre på vårparten og resten no i haust.

- Alle var med på dei fleste av turane og mange var med på alle, så innsatsen må seiast å vera god, seier læraren.

Klassa gjekk desse turane: Gråskallen, Feto, Tjodbergshaugen, Enessetra, Kviteggjo, Ingahogg, Skålafjedl, Geitadalstind og Mjelkhaug.

Her er sjuandeklassa: Sindre Aksnes, Kristoffer P. Brede, Kaja Døssland, Ingebjørg Haugland, Marita Kjærland, Rune Kjærland, Eirin R. Kjærland, Andrea H. Lunde, Thomas M. Mathiesen, Ann Lisbeth Moen, Sindre Onarheim, Håvard Steinsvik, Kenneth N. Stensletten, Preben K. Sundal og Martin T. Hauge.

Dei andre frå Uskedalen som har fullført fjelltrimmen i år er desse:

Elisabeth Eidsvik, Brit Hallaråker, Arne Hauge, Marit Hauge, Johannes Haugland, Svanhill Haugland, Øystein Haugland, Nelly Kjærland, Siv Hanne Kjærland, Møyfrid Kristoffersen, Ingrid Kroka, Steinar Kroka, Berit H. Myklebust, Nils Raudstein og Johanna Yri.

Av Ola Matti Mathisen



Sjuandeklassingane på Kviteggjo 19. oktober. (Foto: Svein A. Sunde)